



eiendomsmagasinet

hus og hjem

BILAG TIL
BERGENS TIDENDE,

FREDAG

26. JULI 2013



FOTO: JAN M. LILLEBØ

TETT PÅ LYSET



REALISERTE DRAUMEN: For tjue år sidan bestemte tekstilkunstnar Kari Hjertholm seg for at ho skulle byggja sin eigen verkstad. Men ho hadde ikkje tenkt at det skulle skje her i barndomsheimen ved Nordåsvatnet. Onkelen hennar arkitekt Helge Hjertholm, teikna dette huset som var nytt i 1963. No har han utvida soveromsfløyen bakover med ein ny arbeidsplass for biletkunstnaren.

Rømmer frå lyden, leikar med lyset

Kari Hjertholm spurde onkelen, arkitekt Helge Hjertholm, om råd. No er det aller første huset han teikna, blitt kombinert bustad og arbeidsplass for biletkunstnaren.

DET ER TRE og eit halvt år sidan Kari Hjertholm flytta tilbake til barndomsheimen ved Nordåsvatnet. Sidan den tid er eine fløyen på det vinkelforma huset frå 1963 ombygd og påbygd. Tekstilkunstnaren har fått sin eigen verkstad her, eit lyst rom med stor takhøgde og godt armslag, perfekt for henne som helst jobbar med monumentale verk i stort format.

Arbeidsplassen er fiks ferdig og klar til å bli teken i bruk. Men det er som om Kari Hjertholm har problem med å tru det er sant.

–SOM KUNSTNARAR FLEST har eg alltid hatt dårleg råd, og det har aldri slege meg at det skulle vera mogeleg for meg å overta denne eigedommen, seier ho.

Men så spurde eine søstera heilt overraskande om

ho ville nettopp det. Draumen til Kari Hjertholm kunne realiserast her.

Det er 20 år sidan ho bestemte seg. Ho ville byggja eigen verkstad. Ho måtte det for å få arbeidsro, ho måtte vekk frå all lyden i byen. Dei mange arbeidsåra vegg i vegg med gode kunstnarkolleger på Verftet, har ho overlevd med proppar i øyrene, fortel ho. Kari Hjertholm må ha det stille for å kunna konsentrera seg om arbeidet.

LYDEN AV NABOANE tok overhand også der ho budde, redninga blei eit nytt rekkjehus på Råstølen, ein eigedom som steig i verdi og dermed også var medverkande til at ho no har adresse Søvikhaugen 11 på Søreide.

Men det er først og fremst avgjerda for tjue år sidan å takka at ho er her, seier ho.

–Frå då av sette eg av litt pengar kvar einaste gong eg hadde høve til det. Det blei nokre kroner i løpet av alle desse åra. Og så hadde ikkje dette blitt noko av om ikkje eg hadde teke sjansar undervegs, seier ho. Ho har ikkje alltid kjent seg like tryggt på å landa på beina.

HELGE HJERTHOLM teikna dette huset for eldste bror sin. No var det niesa sin tur til å søkja råd hos den premiere bergensarkitekten. Ho trong ein arbeidsplass med godt lys, store veggflater pluss eit romslig lager.

–Det var naturleg å leggja tilbygget på baksida der terrenget stig, seier Helge Hjertholm. Han plasserte i si tid dette bustadhuset med ryggen mot veggen og naboane, og med opning mot vatnet.

Tidlegare hadde soveromsfløya ei rad med vindauge bakover, i det høgare nye tilbygget er vindaugene vende inn mot atriet. Halve den tidlegare soveromsfløya er no innlemma i atelieret. Jenterommet til Kari og foreldra sitt soverom er slegne saman og utvida bakover og i høgda. Det fløymer mjukt lys inn i rommet frå mange kantar.

–Som arkitekt er Helge så god til å fanga lyset, det har han greidd her på same måten her som i kyrkjene han har teikna, seier Kari Hjertholm.

ARKITEKTEN seier han var oppteken av å henta både det varme sollyset frå sør og det kjølige blå himmellyset inn i verkstaden. Resultatet er eit mjukt arbeidsllys



◀ KJEM TIL SIN RETT: Tidlegare gjekk peisen i eitt med dei umåla panelveggene, no kjem det flotte murarbeidet meir til sin rett, meiner Kari Hjertholm og Kjell Madsen. Peisen og skiferplattingen ute i hagen vart i si tid mura av brørne Kråknes, to unge menn som også var dyktige roarar.

der alle fargar kjem til sin rett, forklarar han. 81-åringen seier at dette oppdraget for niesa blir hans siste. 77 år gammal fullførte han sitt siste store prosjekt: Bønes kirke.

HER I VERKSTADEN kan Kari Hjertholm dra ein høg rigg ut frå veggen og spennar opp store lerret. Ho gler seg til å koma i gang. Som arkitektkonkelen jobbar også ho med å fanga lyset.

Før vov ho for hand, sat tusenvis av timar i veven. No jobbar ho med eit tekstilråstoff som ho har utvikla i samarbeid med tekstilindustrien. Ho bearbeidar dette råmaterialet og formar overflaten slik at det blir liv i dei, og slik at dei detaljrike biletflatene endrar karakter med lyset. Arbeida hennar er ofte store. Aller best trivst ho med å få utføra store utsmykkingsoppdrag.



◀ **STORE FORMAT:** Kari Hjertholm jobbar ofte i stort format. Arkitekten har skaffa henne ein verkstad med høg himmel, store flater og mjukt lys. Her er der ingen naboar som forstyrrar henne i arbeidet.

DÅ KARI OG SAMBUAREN Kjell Madsen flytta inn i villaen frå 1963, var det ubehandla furupanel over alt. No er alle vegger, tak og dører kvitlaserte. Huset er blitt lysare og luftigare, romma verkar større.

Men det originale kjøkenet i kryssfiner er framleis umåla. Det var ein annan arkitektonkel, Endre Bertil Hjertholm, som teikna kjøken og fast innreiing i alle andre rom då huset var nytt.

Kari brukar også den originale, lange plassbygde sofaen frå 1963, bokhyllene i stova, som har telefonluke inn til kjøkenet, og garderober i soveromsfløya som har skyvedører av eikefiner.

TO BARNEROM er slegne saman og tilpassa dei nye brukarane sitt behov. Gammal linoleum er bytt ut med ny. Vaskerommet er pussa opp. Byggherren lovprisar byggmeister Solvang som har bidrege med kreative løysingar undervegs. For tida jobbar Kari Hjertholm med å velja nye utvendige fargar til huset.

– Det er fint at ho gjer dette huset til sitt. Hus må kunna leva og endra seg med tida, seier Helge Hjertholm.

EVA RØYRANE
JAN M. LILLEBØ (foto)
jan.lillebo@bt.no